



Jakob Valle
Spjotøyvegen 347
5955 LINDÅS

B1 s1c02
Spjotøyvegen
i saka.

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3814 - 17/12402

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
09.05.2017

Omgjeringsvedtak - dispensasjon frå LNF-føremålet og frå pbl § 1-8 for oppføring av naust, utfylling i sjø og etablering av båtopptrekk - gbnr 83/1 Spjotøy

Administrativt vedtak. Saknr: 198/17

Tiltakshavar: Jakob og Anna K Valle

Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon for riving og oppføring av naust, samt utfylling av område i sjø og etablering av båtopptrekk.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå §1-8 i PBL og frå LNF-føremålet i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.12.16 og supplert 07.03.17 og 27.03.17.

Kommunen gav løyve til tiltak i vedtak datert 28.03.17. Vedtaket vart påklaga av Fylkesmannen i Hordaland den 07.04.17.

Tiltakshavar kom med uttale i saka den 20.04.17.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden vart sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland og med bakgrunn i uttale frå fylkesmannen vart søkar oppmoda om å supplere søknaden. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til tiltakshavar ved brev av 07.03.17, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Reviderte teikningar der endra søknadsomfang går klart fram.
2. Følgjebrev med informasjon om kva vurderingar de har gjort for å revidere søknaden.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå tiltakshavar 13.03.17.



B 1
s2002

Fylkesmannen har kome med uttale i saka og rår ifrå at det vert gjeve dispensasjon for oppføring av kai i det omfang som det vert søkt om. På bakgrunn av dette vart det sendt brev til tiltakshavar der dei fekk moglegheit til å revidere søknaden og redusere omfanget på planeringa i vika.

Tiltakshavar har sendt inn ny skisse og redusert omfanget på utfylling og planering, men ikkje i like stor grad som Fylkesmannen tilrådde i sin uttale. Kommunen var likevel positiv til å gje dispensasjon slik det vart søkt om i revidert søknad, og viser til revidert skisse datert 25.03.17, og gav difor løyve til tiltaket den 28.03.17. Etter klage på vedtak frå Fylkesmannen i Hordaland har tiltakshavar valgt å ta klagen til følge og redusere tiltaket til det omfanget Fylkesmannen har tilrådd i sin uttale. Omfanget på utfylling og planering vert difor redusert til å gjelde areal som vist på skisse datert 25.03.17, med unntak av alt areal som ligg på vestsida av eksisterande flytebyggje.

Vurderinga av å gje dispensasjon vert vurdert konkret i kvar enkelt sak og treng ikkje medføre presedens dersom grunngevinga avgrensast til konkrete vurderingar i ei enkelt sak. Vurderinga i dette tilfellet at eigedommen og naustet ligg i svært landlege omgivnader. Eigedommen er svært stor og vika ligg tilbaketrekt og sjenert til. Det er få bygningar i området og allmenn ferdsel i området er låg. Arealet som skal fyllast ut er grunt, og delar av arealet kan ikkje nyttast ved fjære sjø. Det er ei mindre utfylling i sjø, som ikkje vil ha negative veknader til strandsonevernet, når ein ser alle tiltaka i ein samanheng. Kommunen kan ikkje sjå at dei nasjonale strandsoneinteressene vert negativt påverka ved at det vert gjeve dispensasjon for å oppgradere kai anlegget slik det er søkt om og finn difor å kunne gje dispensasjon dersom tiltaket vert utført i samsvar med føringane som ligg til grunn i Fylkesmannen si tilråding.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå arealføremålet i kommunedelplanen og §1-8 i plan- og bygningslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden for riving og oppføring av naust og utfylling/planering slik det går fram av Fylkesmannen i Hordaland si tilråding i uttale datert 20.02.17.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon §1-8 i plan- og bygningslova for riving og oppføring av naust og utfylling/planering slik det går fram av Fylkesmannen i Hordaland si tilråding i uttale datert 20.02.17.

Søknad om riving og oppføring av naust samt utfylling/planering er eit søknadsploktig tiltak etter PBL §20-1 bokstav a. Det må innhentast løyve frå Bergen og omland havnevesen for tiltaket før søknad vert sendt til kommunen. Omfanget av utfylling/planering skal ikkje være større enn det som er skissert i uttalen frå Fylkesmannen datert 20.02.17

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan